

Kor mykje nitrogengjødsel skal enga ha?

Åsmund Kvifte, NIBIO

Det har vore ein debatt om me har tilrådd for lite gjødsling med nitrogen (N) i enga. For lite gjødsel vil føra til lågare avlingsnivå og protein-innhald, medan sterkare gjødsling aukar risikoen for forureining og større klimagassutslepp. Me stilte saman resultat frå fleire norske feltforsøk dei siste 20 åra der N-gjødsling var med som forsøksfaktor, og analyserte desse statistisk. Me fann N-nivå som gav maksimalavling ved to og tre slåttar, og kor mykje svakare gjødslinga måtte vera for at avlinga skulle bli sikkert mindre enn maksimum. Råprotein-innhaldet aukar ved sterkare gjødsling enn det som gav maksimalavling. På den andre sida går N-utnyttinga ned, og N-balansen vert dårlegare. Konklusjonen er at det ikkje er grunn til å endra på N-normene i eng.